



**FOLGEFONN-  
SENTERET:**  
Frå presse-  
konferansen i  
Rosendal i går.  
Frå venstre:  
Prosjektlei-  
ar for  
Folgefonnssenteret  
Knut Førland,  
professor og  
direktør i  
Bjerknessenteret,  
Eystein Jansen og  
ordførar Synnøve  
Solbakken.

# Bjerknessenteret til Rosendal

**Folgefonnssenteret og Bjerknessenteret for klimaforskning (BCCR) har inngått ein samarbeidsavtale der det overordna målet er å etablera eit framstående senter for forskning, formidling og verdiskaping med sete i Rosendal.**

Dette kom fram på ein pressekonferanse i Rosendal i går. Hovudvekta i senteret skal leggjast på aktivitetar knytte til klimaforskning med tilknytning til glasiologi, bruk av isbrear som klimaindikator m.v. Partane vil i fellesskap samarbeida om å sikra grunnlaget for etablering og drift av senteret, og arbeidsplassar i samband med dette. Det vil verta lagt til rette for faste forskar-, teknisk-, eller andre stillingar knytte til senteret. Formidling vil stå sentralt, dels gjennom

mellombels og faste utstillingar, og dels ved å tilby kurs og særskilt tilpassa program for skular m.v.

## Milepæl

– Samarbeidet som no er innleia med Bjerknessenteret er ein svært viktig milepæl for prosjektet, seier Knut Førland som er prosjektlei- ar for Folgefonnssenteret (Nye Folgefonna nasjonalpark- og informasjonssenter). – Ting har teke lang tid, og utan det sterke engasjementet frå dei private samarbeidspartnarane med Sunnhordland Kraftlag (SKL) i spissen, hadde prosjektet temmeleg sikkert vore lagt ned. Med Bjerknessenteret på laget har vi no stor tru på at vi skal klara å koma i mål med Folgefonnssenteret, og dette er ein stor dag både for Kvinnherad og heile Folgefonnhalvøya, seier Knut Førland.

## – Viktig isbre

– Folgefonna er ein svært viktig isbre i klimasamanheng, og det å få etablera eit senter for klima- og breforskning i Rosendal er svært

interessant for oss, både som forskingsobjekt og som stad for formidling av klimakunnskap. Vi vil på bakgrunn av dette bidra aktivt til å få Folgefonnssenteret realisert så raskt som mogeleg, seier professor og direktør i Bjerknessenteret, Eystein Jansen, som har stor tru på dette prosjektet.

Bjerknessenteret er eit internasjonalt forskingssenter som forskar på klimaendringar og formidling av resultat på grunnlag av dette, og som tek del i utdanninga av yngre klimaforskarar. Senteret er det største i Norden med vekt på grunnleggjande naturvitskapleg kunnskap om klimavariasjonar og klimaendringar i fortid, notid og framtid.

## – Gledas dag

Ordførar Synnøve Solbakken var samd med Førland i at dette er ein milepæl for Folgefonnssenteret.

– Dette er ein gledas dag, og eg tykkjer det er svært flott at Bjerknessenteret ser verdiane som Kvinnherad, Rosendal, Folgefonna og regionen elles har. På Folgefonnhalvøya ligg det svært

godt til rettes for forskning på klima, og eg er sikker på at Kvinnherad vidaregåande skule vil verta involvert i denne forskinga, sa ordføraren.

## Forprosjektstadiet

Folgefonnssenteret, som er eit samarbeid mellom Kvinnherad kommune, Hordaland fylkeskommune og private bidragsytarar, er enno på forprosjektstadiet.

Kvar senteret skal halda til, i eksisterande bygningsmasse i Rosendal eller i eit nybygg, er enno ikkje avklara.

– Men SKL har sagt at dei ynskjer at senteret skal verta synleg i terrenget, altså eit eige bygg. Vi reknar med at det vil kosta kring 30 millionar kroner inkludert seks millionar til innhaldsdel. Samarbeidsavtalen med Bjerknessenteret har gjeve Folgefonnssenteret ein ny dimensjon, og eg har stor tru på at vi og skal få finansieringsbiten på plass, seier Knut Førland.

**Kjartan Wang Olsen**  
kjartan@kvinnheringen.no

**Kvinnheringen**

– for 25 år sidan

Onsdag 9. januar 1985

## Lekven kjøper ullvarefabrikken

Kvinnherad Ullvarefabrikk er seld til N. C. Lekven A/S på Os. Bustyrar Narve Helge Eikhaug fortel at alle 9 kreditorane har godkjent tilbodet på 2.050.000 kroner.

Ifølge Eikhaug har Lekven opplyst at han er klar til å setja i gang produksjonen i ullvarefabrikken nokså raskt, og at det er god grunn til å tru at produksjonen er i gang att med 10-15 arbeidsplassar i løpet av denne månaden.

## Husbrann i Herøysund

Eit eldre bustadhus i Herøysund vart heilt øydelagt innvendes av brann seint mandagskvelden. Branntroppane frå Husnes og Uskedalen greidde å hindra at brannen spreidde seg til eit sjøhus som er bygt innåt bustadhuset.

Lensmannskontoret opplyser at sterk fyring i ein omn på kjøkenet truleg er årsaka til at det tok fyr i huset. Ingen personar kom til skade i brannen.

## 20.000 kr i døgeret for brøyting

Kvinnherad kommune har åtte faste vegvaktarar som tek seg av brøytinga i vinter. I tillegg har kommunen avtale med fleire entreprenørfirma og nokre gardbrukarar som brøyter med traktor.

Kommunen har 115 km vegar som skal brøytast og haldast ved like. Når det er kome snø, går det med 20.000 kroner kvar dag til brøyting. I eit normalår kostar det kommunen mellom 600.000 og 800.000 kroner å halda vegane køyrande om vinteren.

## Ideelt i skogen

Det er for tida ideelle forhold for skogsarbeid med skikkeleg vintervær og ikkje for mykje snø. Men tunge skogsmaskinar hadde hatt nytte av meir frost i bakken, seier skogreisingslei- ar Lars Anuglen.

Før jul var det lite aktivitet i skogane i Kvinnherad, men no har fleire kome seg ut. Likevel vert det teke ut for lite tømmer. Når plante- skogen om ikkje lenge kjem for fullt, må det hoggast meir, seier Anuglen.

# Humor og helse for seniorar

**Det nyskipa Kvinnherad senioruniversitet har no klart programmet sitt for vårsemesteret.**

Styrelei- ar Leiv Guddal fortel at dei legg opp til ein førelesingskveld for månaden fram til og med mai, og den første vert 20. januar i møtelokalet til Sør- al på Husnes, der Jan Spurkeland skal snakka om humor og helse.

– Vi satsar på å ha førelesingane annakvar gong på Husnes og i Rosendal. På Husnes har vi fått lov å vera i Sør- al sitt møtelokale, medan vi vonar å få halda til i kommunestyresalen i rådhuset når vi

samlast i Rosendal. I alle høve skal februar- møtet vera i kommunestyresalen, der Johannes R. Guddal vil ta for seg havforskning, og dessutan snakka litt om bygdeforskning.

På marsmøtet på Husnes vil Reidar Myklebust snakka om hjernen vår, både om oppbygging og korleis hjernen fungerer. Dette er eit av hovudfeltene hans, og eg trur dette føredraget kan verta spesielt interessant.

I april vil Frank Aarebrot snakka om media og makt, opplyser Guddal som legg til at vårsemesteret vert avslutta i mai, då Kristian Bringedal vil snakka om kulturminne i Kvinnherad.

– Elles vil vi no i startfasen jobba ein del med å innarbeida

oss, prøva å få på plass eit godt kontaktnett. Vi ser og for oss eit samarbeid med andre senioruniversitet i distriktet, mellom anna om føredragshaldarar. Ein del av dei føredragshaldarane vi ynskjer oss kostar gjerne litt i meste laget for berre eitt føredrag på eit av senioruniversitetene. Kan vi derimot få til eit samarbeid med andre senioruniversitet i distriktet, kan vi få felles glede og nytte av føredragshaldarane, samstundes som vi kan dela på utgiftene, seier Leiv Guddal.

**Kjartan Wang Olsen**  
kjartan@kvinnheringen.no



**PROGRAM:** Leiv Guddal og styret legg opp til eit omfattande program fyrste i fyrste semester for senioruniversitetet